

Påmeldinga godt i gang til FestidaGen.

02.07.2017



Frå FestidaGen-showet i fjor. Nysirkus vert det også i år.

Fore ei tid tilbake vart tilboda under årets FestidaGen presentert, og det vart opna for påmelding. Som vanleg er det eit godt, variert og spennande program som vert tilbydd den yngre garde. Maren Guddal i gruppa som arbeider med FestidaGen, melder at påmeldinga er god i gang. Her er det prinsippet om førstemann til mølla som gjeld.



Redesign var populært i fjor, og er med også i år.

Heile 13 ulike tilbod vert gjevne under FestidaGen. På programmet finn vi både aktivitetar som har vore ein suksess nokre år i tillegg til at det også i år dukkar opp spennande og nyskapande aktivitetar. Eg er imponert over korleis dei som står bak FestidaGen år etter år syr saman eit spennande tilbod av aktivitetar som vi ikkje finn i kommunen til dagleg.

Ein fullstendig oversikt over aktivitetstilbodet finn de på Festidalen si heimeside, og den kjem de inn på ved å klikka [HER](#).

Der finn de også skjema for påmelding til dei ulike aktivitetane.

Maren Guddal seier at det varierer kor mange som er påmelde til dei ulike aktivitetane. Det varierer også kor store grupper det kan vera på kvar aktivitet. Siste frist for påmelding er 20.juli, men vanlegvis er nokre av tilboda fullt opp i god tid før det så derfor er det verd å minna om at det er førstemann-til-mølla-prinsippet som gjeld når plassene vert tildelt.

Meir finn de altså på [www.festidalen.no](http://www.festidalen.no)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Festidalen/Stig Framnes